



## Prosjekt Bryggen i 2016

### Dei pågåande istandsettingstiltaka

#### Bygning 1-2a og 2a i Bredsgården

Tiltakshavar og prosjekterande part for dette istandsettingstiltaket er Stiftelsen Bryggen. Tiltakshavar gjennomførte i 2015 forprosjekt og deretter forundersøkingar for ei istandsetting av bygningane. Gjennomføringa av desse undersøkingane har vore rydding og god. Istandsettinga av bygningane starta våren 2016.

Tilskotet i 2016 skal brukast til dokumentasjon, oppjekking av bygningane og istandsettinga av bolverk og fundament.

#### Bygning Ba og Bb i Bugården

Istandsettinga av bygningane Ba og Bb i Bugården starta i 2013, og vart ferdigstilt vinteren/våren 2016. Det står att å skrive sluttrapport for istandsettinga. Stiftelsen Bryggen er tiltakshavar og prosjekterande part. Det har vore god styring og framdrift i istandsettinga.

Det er frå før løyvd nokre midlar som førehandstilsegn for 2016. Førehandstilsegnet skal brukast på å utarbeide sluttrapport for istandsettinga.

#### Bygning 7d i Bellgården

Istandsettinga av bygning 7d i Bellgården blei starta våren 2011, med Bellgården AS som tiltakshavar og Gamle3Hus AS som prosjekterande part. Istandsettinga er svært forseinka, men det er lite arbeid som står att. Tiltakshavar fekk tilskot til ferdigstilling i 2015, men har søkt om nye midlar for 2016. For 2016 er det berre gitt tilskot til arbeid med sprinklaranlegg på bygningen, då tiltaket har blitt svært mykje dyrare enn opphavleg opplyst frå tiltakshavar, og det allereie er gitt tilskot til ferdigstilling av arbeidet.

#### Bygning 4a – 4d og 5a – 5c i Svensgården

I Svensgården har sju bygningar vore under istandsetting sidan 2007, desse bygningane er eigd av Olav Thon Gruppen og er forvalta av Vats AS, som er tiltakshavar for istandsettingstiltaket. Tre bygningar er tidlagere ferdigstilt i «fase 2, istandsetting uansett bruk». Ein fjerde bygning er så nær som ferdigstilt i «fase 2», men dei siste arbeida må ein vente med til nabobygningen 5a er ferdigstilt.

Det står att tre bygningar i dette delprosjektet, to av desse er frontbygningar (4a og 5a). For desse to bygningane leverte tiltakshavar i 2015 eit forprosjekt for istandsetting, og har vinteren 2016 levert ein revidert framdriftsplan og kalkyle for istandsettinga. Ei istandsetting av bygning 5c er ikkje starta.

Det er frå før løyvd 1,4 millionar kroner som førehandstilsegn for 2016.

### **Fordelinga av tilskot i 2016. Førehandstilsegn for 2017**

Hovuddelen av tilskotsmidlane i 2016 er fordelt til istandsettingstiltak. Som tidlegare år er det i tillegg gitt tilskot til materialbanken, til felles brannsikringstiltak og til felles driftsoppgåver. Vidare er det gitt tilskot til reparasjonsarbeid på ein av bygningane.

I tillegg til tilskotet for 2017 er det fordelt 2 millionar kroner som førehandstilsegn for 2017, fordelt på dei to istandsettingstiltaka i Svensgården og Bredsgården.